

Emne:	Referat frå skulebesøk på Os vgs, 25.2.16	
Til stades:	Frå skulen: rektor Johan Henrik Lassen, ass. rektor/avd. leiar EL Audhild Tveiterås, avd. leiar BA/TIP Lasse Svellingen, avd. leiar HO Anne Kristin Skjeldal, avd. leiar PÅ/SS Lisbeth Holst, leiar administrasjon Inga Rød, elevinspektør Ann Haugland, ATV Linda Solhaug, lærarar Harald Natvik og Mona Heggeland, elevrådsrepr. Mathilde Søviknes og Christian Hjelle. I tillegg deltok Tone Hadler-Olsen og elevane Henrik Vågen og Malene Kristin Hetleflåt i presentasjonen av SIFA-prosjektet. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Annbjørg Laupsa og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik	
Forfall:		Sak: 2016/300-4
Møtetid:	0900-1200	Møtestad: Os vidaregåande skule

Møteleiar: Annbjørg Laupsa**Referent: Tor Ivar Sandvik**

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Os vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

- 1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid: FYR-arbeid ved skulen: SIFA – Safe Internet for All**

Tone Hadler-Olsen, Mona Heggeland (lærarar), Henrik Vågen og Malene Kristin Hetleflåt (elevar) presenterte SIFA-prosjektet som Os vgs deltek i.

SIFA er eit toårig prosjekt, og har fokus på å gjere skulen og lokalsamfunnet merksam på mogelege farar og negative konsekvensar ved bruk av internett. Prosjektet har fem ulike tema, der kvart land har ansvar for kvart sitt. Desse er *internettavhengigheit, helse, sikkerheit (spam, og liknande), etikk og sikkerheit (nettmobbing, og liknande)*. Utfordringane kan variere frå land til land – noko som er eit lite problem i Noreg kan vere stort i eit av samarbeidslanda, og motsett. I tillegg til at prosjektet har tydelege problemstillingar mot internettbruk, grensar også temaa opp mot den generelle delen av læreplanen.

I tillegg til Os vgs deltek skular frå Sverige, Hellas, Austerrike og Polen. Elevane i prosjektet samlast ei veke i kvar av deltakarlanda. Skulane som deltek er ein miks av yrkesfaglege og studieførebuande skular. Prosjektet er finansiert med Erasmus+-midlar gjennom SIU.

Arbeidet skjer mykje i workshops. Resultat av arbeidet skal kunne nyttast lokalt på eigen skule av elevar og lærarar som deltek direkte, men også av dei andre som ikkje deltek i sjølve prosjektet.

Det er ein føresetnad i prosjektet at skulane skal gjennomføre visse aktivitetar. I den samanhengen skal det gjennomførast for- og etterundersøkingar som skal måle læringseffekt av prosjektet. Erfaringar frå Austerrike viser allereie ein del positive resultat.

Prosjektet krev informasjonsdeling. Dette skjer no m.a. via skulen si nettside og lokalmedia. Skulen blei oppmoda om å forsøkje å publisere dette også på HFK si internettside.

Lærarane i prosjektet meiner også deltakinga auka deira eigen kompetanse. Dette vart eksemplifisert både gjennom effekten av å aktivt delta i eit prosjekt og gjennom innleide førelesarar som har spissekompetanse på eige felt, som t.d. Ståle Pallesen om søvsn.

Prosjektet gjer det også mogeleg å knyte fag som historie og engelsk til arbeidet. Engelsk er arbeidsspråk på samlingane.

2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdypa: FYR er eitt av skulen sine tiltak knytt til klasseleiing og auka fullføring. Tiltaket er også knytt opp mot skulen sin pedagogiske plattform. Korleis jobbar skulen med FYR, kva resultat ønskjer ein å sjå og kva er utfordringane vidare?

Skulen har jobba med yrkesretting av fellesfag lenge før FYR blei satt i gang nasjonalt, men prosjektet har hjulpt skulen vidare i å systematisere arbeidet. Medan arbeidet tidlegare var prega av å vere individbasert/personavhengig, har det no blitt ei felles satsing på skulen.

Harald Natvik, lærar OSV, presenterte korleis skulen jobbar med FYR og ga fleire døme på korleis ein yrkesrettar og aukar fellesfaga sin relevans på yrkesfag. Det blei vist til at undervisninga blir lagt opp slik at ein yrkesrettar kompetansemål som er naturleg, medan andre mål ikkje blir det. Når elevane er bevisste på dette, blir det ein einigheit i når ein kan yrkesrette og ikkje.

Yrkesretting og relevans i fellesfaga har vore etterspurt av elevane. Dei er positive til utviklinga der fellesfaglærarane klarar å gjere undervisninga relevant for det yrket dei skal ut i. Elevane i møtet seier dei har merka utviklinga over tid.

Vegen vidare er å nytte planleggings dagar til å jobbe med FYR, og at fellesfaglærarar har eit sterkare fokus på enkelte utdanningsprogram enn andre. Det kan bidra til at lærarane opparbeider seg kompetanse innan elevane sitt utdanningsprogram og gir eit betre grunnlag for FYR-arbeidet. Det er viktig at lærarane har ein viss kompetanse i yrkesfaget for at yrkesrettinga skal bli vellukka.

Klassemøter blei nemnt som ein annan arena kor FYR kan vere tema. Lærarane nyttar Its learning for å dele undervisningsopplegg.

Det blei tatt opp nokre utfordringar med yrkesretting når det gjeld dei elevane som skal vidare til allmennfagleg påbygging. Norsk er eit dominerande fag for påbygg-elevane og det blei stilt spørsmål om i kor stor grad elevane er førebudde på faget med stor grad av yrkesretting på Vg1 og Vg2. På den andre

sida må ein ta høgde for at dei fleste elevane har valt yrkesfag med mål om å gå ut i lære, og at det skal vektleggast i opplæringa. Det er også enkelte utdanningsprogram der dei fleste elevane har bestemt seg for påbygg tidleg i opplæringsløpet, og spørsmålet blir då om det er fornuftig å yrkesrette.

Ei anna utfordring er knytt til eksamen for fag med sentralt gitt eksamen. Her kan det vere krevjande med lokal tilpassing og yrkesretting mot det å førebu elevane for eksamen.

Arbeidet skulen gjer med å yrkesrette og auke relevansen i fellesfaga blei nemnt som ein av årsakene til at skulen har gode resultat på del elevar som fullfører og består og at få elevar vel å slutte.

C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring **Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.**

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**
 - ungdomsskule – vidaregåande opplæring
 - mellom nivåa i vidaregåande opplæring
 - mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv
- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**
- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Temaa vurdering for læring og elevmedverknad blei valt ut som hovudtema. Arbeid med elevar i HT-gruppene blei også drøfta.

Vurdering

I tilstandsrapport 2014/15 problematiserer skulen resultatata gjennom at det er for lav score på indikatoren *Vurdering for læring*, då særleg *eigenvurdering*. Skulen scorar likevel godt på elevundersøkinga hausten 2014 og 2015 på *Vurdering for læring* og *Eigenvurdering* (gul+ på skulenivå). Det er også verdt å merke seg at resultatata i stor grad er like på tvers av utdanningsprogram. På bakgrunn av dette, blei det stilt spørsmål om kva vurderingar skulen gjer om kva som ligg bak resultatata.

Fagsamtalen lærarane har med elevane blir trekt fram som eit viktig verkemiddel i vurderingsarbeidet. Det same blir samarbeidet mellom lærarane. Om ein elev ikkje er einig i ei vurdering, er det praksis at lærarane samarbeider og lar ein annan lærar vurdere elevarbeidet. Elevane trekk fram at klare læringsmål for undervisninga heng saman med vurderingsarbeidet.

Vurderingsarbeidet på yrkesfag blir tradisjonelt meir tydeleg gjennom konkret arbeid i praksis og verkstad. Emne som risikovurdering og HMT blir trekt fram som døme på tema kor det er tydeleg for elevane kva som krevst. Dette blir spegla i vurderingsarbeidet.

Undervisningsevalueringa gir likevel eit noko anna bilete på eigenvurdering enn kva Elevundersøkinga gjer, og viser forskjellar frå fag til fag.

God relasjon mellom lærar og elev blir også trekt fram som sentralt for å få til ein god vurderingspraksis. Relasjonen er viktig for å få til ein god dialog om læringsmål og vurderingskriterier. Det gir også eit betre *rom* for å drøfte fagleg utvikling.

Til tross for at skulen har gode resultat knytt til vurdering, trekte ATV fram ei uro om at det er ein tendens til at lærarane gir elevane ståkarakter når alternativet like fort kunne ha vore stryk. Uroa er knytt til at ein ikkje skal redusere faget og faglege krav for å nå målet om auka læringsutbyte og fullføring.

Elevmedverknad

Skulen har delteke i prosjektet «systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø», og blei utfordra på korleis ta arbeidet og erfaringane frå prosjektet vidare.

Skulen planlegg ei større samling hausten 2016 med besøk av rektor frå Åssiden vgs. Antidoping Norge, mobbeombodet og Skeiv ungdom blir også inviterte. Formålet er å motverke utanforskap. Førebygging av radikaliserings er også eit konkret tema som er aktuelt. Skulen har planlagt å nytte Oseana som arena for samlinga. Skulen vurderer mogeleg studietur til Åssiden vgs.

Skulen prioriterer å halde ved like og byggje relasjonar mellom lærar-elev og elev-elev. Kontaktlærarane tar ansvar for samhald og miljø i eigne grupper og får skryt for arbeidet som blir gjort. Tiltak som byggjer opp under det er t.d. sosiale arrangement skulen har om lag ein gong i månaden. Elevane i møtet stadfestar at desse arrangementa er viktige i skulekvardagen, og gir dei eit avbrekk og noko anna enn fagleg arbeid å sjå fram mot. Tett kontakt og gode relasjonar mellom lærarar og elevar blir trekt fram som suksesskriterium for skulen sine gode resultat.

Skulen har også satt opp arbeid med *klassens tid* som eit tiltak i elevmedverknadsarbeidet. Denne tida er timeplanfesta kvar veke. Det er no i større grad presisert kva som skal takast opp i denne tida, og det er utarbeidd ei liste med tema og spørsmål. Dette gjeld også for arbeidet i Elevrådet. Elevane lukkast ikkje alltid i få til gode diskusjonar i klassens tid. Kor effektiv denne tida blir avhenger av dei tillitsvalde elevane og kor viktig dei andre elevane opplever temaa som blir tatt opp.

Det blei drøfta at dei tillitsvalde elevane spelar ei stor rolle i elevmedverknadsarbeidet. Skulen trekte fram om lærarar og elevar bør oppmode aktuelle kandidatar til å stille til val som tillitsvald.

Elevar i HT-grupper

Resultata i HT-gruppene på BA og TIP er gode, der alle elevane utviklar seg positivt. Lærarane får mykje skryt for resultata, då dei legg ned mykje arbeid utover det reint faglege, særleg knytt til å følgje opp elevane tettare enn kva ein kan forvente.

Skulen forhandlar seg til praksisplassar hos næringslivet i Os og har eit bredt samarbeid med ulike aktørar. Skulen har ein fleksibel timeplan der det blir lagt inn mykje praksis i opplæringa. Helsesøster spelar også ei stor rolle, og er ofte i forkant av situasjonar framfor å drive «brannsløkking».

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Leiinga har ikkje hatt mykje tid til å løfte fram og drøfte innhaldet i det nye styringsdokumentet. Dei tillitsvalde lærarane har heller ikkje fått drøfta dokumentet i klubbmøter. Avdelingsmøter vil vere den primære arenaen for slike drøftingar.

Til tross for lite arbeid rundt nytt styringsdokument er den umiddelbare reaksjonen at det er lettare å reflektere rundt kriterium og kjenneteikn enn i tidlegare dokument. Til dømes kan det nyttast som eitt av fleire grunnlag i medarbeidarsamtalar.

Skulen planlegg arbeid med ny utviklingsplan, men er ikkje kome i gang enno. Det blir framheva at det ikkje er naudsynt å snu opp ned på måten skulen driv utviklingsarbeid. Viktige føresetnader i styringsdokumentet

er at utviklingsområde og –tiltak skal vere utarbeidd på bakgrunn av vurderingar av eigne resultat og styringssignal.

E. Oppsummering og evaluering

Skulebesøka blir opplevd som eit punkt kor man kan stoppe opp og reflektere rundt eigen praksis. Det opplevast positivt å få eit «eksternt blikk» på skulen sine aktivitetar.

Det opplevast at samarbeidsklimaet på tvers av avdelingane er godt. Det er mange initiativ frå enkeltlærarar, og ein må løfte god individpraksis slik at ein får kollektiv utvikling. Det blir nemnt at leiinga spelar ei viktig rolle i å skape ein kollektiv kultur og kontinuitet slik at godt arbeid ikkje forsvinn når ein lærar sluttar. T.d. blei det nemnt å sjå til Fusa vgs sitt årshjul for FYR-arbeid for å i større grad systematisere dette arbeidet. Skulen opplever utvikling i delingskultur på fellesfag, og det blei nemnt at ein bør skape sterkare strukturar for dette arbeidet.

Leiinga er oppteken av at elevane skal inkluderast i fora og samanhengar som gjeld skulen sitt utviklingsarbeid. Det er også eit ønskje frå leiinga til å bidra i å lage eit system på *klassens tid* for å auke systematikken i elevmedverkinga.

Sjølv om det skjer mykje positivt på skulen, blei det trekt fram at ein også må ha eit blikk på utfordringane. Det kan vere tilfelle som utanomfagleg PC-bruk, manglande motivasjon hos enkelte elevgrupper og elevar som står i fare for ikkje å få fullført og bestått, som lærarane slit med å hente inn.

Referatet er godkjent av:

Rektor Johan Henrik Lassen
Regionleiar Annbjørg Laupsa